Tilbakemelding til Tilsynsrådet for Kriminalomsorgen

– oppfølging av rapport etter tilsyn ved Evje ungdomseining (ungdomsenhet sørvest) 25.9.25

Evje ungdomseining takkar for rapporten frå Tilsynsrådet. Rapporten gjev oss nyttige observasjonar og anbefalingar, som kan nyttast i det vidare utviklingsarbeidet ved eininga. Som Tilsynsrådet peikar på, vart Evje ungdomseining etablert og sett i drift innanfor ei svært kort tidsramme for å møte eit nasjonalt behov. Etableringa omfatta mellom anna rekruttering av over 50 nye tilsette, utvikling av rutinar og oppbygging av eit nytt fagmiljø, samstundes som eininga var i ordinær drift med sone A med plass til fire mindreårige. Dette har gjort at enkelte rutinar og arbeidsprosessar har vorte vidareutvikla parallelt med den daglege drifta. Ungdomseininga har opplevd tilsynet som eit positivt bidrag til det vidare kvalitets- og utviklingsarbeidet. Fleire av anbefalingane er allereie følgde opp, og på fleire område er det gjennomført konkrete tiltak sidan tilsynsbesøket. Nedanfor følgjer Evje ungdomseining si tilbakemelding til dei anbefalingane og spørsmåla Tilsynsrådet har reist.

Personalet

Bruk av uniform for operative leiarar

Tilsynsrådet anbefaler at Evje ungdomseining vurderer om det er nødvendig at operative leiarar ber uniform.

Evje ungdomseining har vurdert anbefalinga og meiner det framleis er nødvendig at operative førstebetjentar ber uniform. Ungdomseininga er i dag ein stor arbeidsplass med om lag 75 tilsette, i tillegg til eksterne samarbeidspartnarar og andre besøkjande. Ved utløyste alarmar eller andre uønskte hendingar er det avgjerande at det ikkje er tvil om kven som har den operative leiinga i situasjonen. Uniformen bidreg til rask identifisering av ansvarleg leiar og er dermed eit viktig tryggleikstiltak. Dette gjeld også ut mot nødetatane, som må bistå oss ved nokon av dei uønskte hendingane (brann, ambulanse og politi).

Evje ungdomseining har også gode erfaringar med at operative førstebetjentar i uniform arbeider tett på ungdommane og deltek aktivt i det daglege miljøarbeidet. Uniforma har ikkje vore til hinder for relasjonsbygging eller god kontakt med ungdommane, og eininga har så langt ikkje erfart utfordringar knytte til denne ordninga.

Innsettpopulasjonen og bruk av tolk

Bruk av tolk

Tilsynsrådet anbefaler at ungdomseininga sikrar at innsette som ikkje kan kommunisere på norsk, forstår innhaldet i vedtak og annan informasjon frå fengselet.

Evje ungdomseining har sidan tilsynsbesøket revidert den lokale rutinen for bruk av tolk. Den oppdaterte rutinen vart sett i verk i februar 2026 og skal sikre at alle mindreårige med behov for tolk får tilbod om kvalifisert tolketeneste når dette er nødvendig.

Sidan tilsynet vart gjennomført har ungdomseininga ikkje hatt mindreårige som ikkje har kunna kommunisere på norsk. Rutinen er likevel etablert for å sikre forsvarleg oppfølging dersom slike behov oppstår i framtida.

Ved behov for tolk vil ungdomseininga samarbeide med eksterne tenester for å samordne bruk av tolketenester der dette er formålstenleg. Dette bidreg både til god ressursutnytting og til at ungdommen kan nytte same tolken i fleire møte med ulike samarbeidspartnarar.

Sysselsettings- og aktivitetstilbod

Sysselsetting, fellesskap og imam

Evje ungdomseining arbeider kontinuerleg for at alle mindreårige skal få eit tilpassa tilbod om opplæring, aktivitet og sysselsetting. Gjennom det etablerte samarbeidet med Setesdal vidaregåande skule får ungdommane eit breitt tilbod om ordinær undervisning og skulemotiverande tiltak. I tillegg tilbyr fengselet aktivitetar og enkel sysselsetting tilpassa den enkelte ungdom sine føresetnader og behov.

Sidan tilsynsbesøket har ungdomseininga teke i bruk sone B. Dette har gitt betre moglegheiter til å organisere mindre fellesskap og leggje til rette for ungdommar som fungerer betre i mindre grupper. Tiltaket har styrkt moglegheitene for å tilby fellesskap også til ungdommar som av ulike grunnar ikkje deltek i ordinær sysselsetting.

Når det gjeld religiøs oppfølging, samarbeider Evje ungdomseining med fengselspresten ved Mandal avdeling, som ved førespurnad formidlar kontakt med imam. Det har så langt vore utfordrande å etablere eit fast tilbod med imam fysisk til stades ved eininga, men dette er eit område ungdomseininga vil halde fram med å arbeide for.

Aktivitetstilbod i sommarperioden

Også i perioden med sommarturnus (veke 26-32) får alle mindreårige tilbod om daglege aktivitetar tilpassa bemanning, tryggleiksvurderingar og den enkelte ungdom sine behov. Aktivitetsplanane vert utarbeidd saman med den innsette kvar torsdag i forkant av den komande veka.

I sommarperioden er den samla innlåsingstida 13 timar per døgn. Dette omfattar om lag 11 timar nattestenging og to timar midt på dagen. Den korte innlåsinga på dagtid er nødvendig for å sikre at tilsette kan gjennomføre lovpålagde pausar og avløysing i tenesta.

Fasilitetar og uteområde

Aktivitetstilbod gjennom heile året

Evje ungdomseining legg stor vekt på å tilby alle mindreårige eit variert og meiningsfylt aktivitetstilbod gjennom heile året. Aktivitet er ein viktig del av det rehabiliterande arbeidet og bidreg til meistring, utvikling, relasjonsbygging og førebygging av isolasjon.

Sidan tilsynsbesøket har ungdomseininga vidareutvikla både kapasiteten og aktivitetstilbodet. Sone B er teken i bruk, og aktivitetsbygget tilknytt denne sona er no i ordinær drift. Etter ei individuell tryggleiksvurdering kan alle mindreårige ved Evje ungdomseining kunne få tilbod om aktivitetar i aktivitetsbygget. Dette har gjeve vesentleg betre moglegheiter for fysisk aktivitet, praktiske oppgåver og miljøterapeutiske aktivitetar gjennom heile året.

Vidare vart det i revidert nasjonalbudsjett vedteke at også sone C skal kunne takast i bruk som høgsikkerheitsavdeling. Arbeidet med å tilpasse avdelinga er i gang. Når dette er ferdigstilt ila hausten 2026, vil Evje ungdomseining disponere tre soner. Dette vil gje endå større fleksibilitet til å organisere ungdommane ut frå individuelle behov og tryggleiksvurderingar,

og samtidig styrkje moglegheitene for aktivitet, fellesskap og eit meir individuelt tilpassa soningsinnhald.

I tillegg er me i gong med å etablere eit dyreassistert forskingsprosjekt, der mindreårige på avdelinga vår vil kunne få tilbod om sysselsetting og aktivisering i lag med dyr. Til hausten planlegg me å få på plass høner, kaninar og besøkshund. Dette tilbodet håpar me vil kunne passe spesielt godt for innsette, som ikkje klarar å nytte seg av skuletilboda.

Medverknad

Ungdommane si medverknad

Tilsynsrådet anbefaler at Evje ungdomseining styrkjer ungdommane si medverknad og ønskjer tilbakemelding på korleis ungdommane blir involverte i den vidare utbygginga av eininga.

Evje ungdomseining deler Tilsynsrådet si vurdering av at medverknad er ein grunnleggjande føresetnad for eit godt soningsinnhald. Ungdommane blir derfor involverte i spørsmål som gjeld deira kvardag, aktivitetstilbod og miljøarbeid, og dei blir oppmoda til å kome med innspel og forslag i møter med kontaktbetjent-teamet sitt, i aktivitetsplan-møter og elles i andre meir uformelle fora.

Som tidlegare nemnt, vart Evje ungdomseining på kort tid. Dette har medført at enkelte prosessar har gått raskare enn det som under andre omstende ville vore ønskjeleg. Etter kvart som drifta stabiliserer seg, vil eininga ha større moglegheit til å involvere ungdommane i den vidare utviklinga av tilbodet.

Eit konkret døme er utforminga av kunst på luftebalkongen, der ungdommane er inviterte til å kome med innspel og skisser samt delta i den praktiske utforminga av prosjektet. Målet er å skape eit uteområde som opplevast meir triveleg og som ungdommane sjølve kjenner eigarskap til, i samarbeid med profesjonelle kunstnarar.

Utelukking

Vedtak om utelukking

Sidan tilsynsbesøket har Evje ungdomseining gjennomført fleire tiltak for å styrkje kvaliteten på vedtak om utelukking. Det er utvikla nye vedtaksmalar i samarbeid med regionen og Kriminalomsorgsdirektoratet. Formålet med dei nye malane er å sikre ei meir systematisk vurdering av dei rettslege vilkåra og ei tydelegare individuell grunngjeving i kvart enkelt vedtak.

Ungdomseininga har også delteke i eit nasjonalt fagforum der arbeidet har vore retta mot å etablere meir einsarta praksis mellom ungdomseiningane. Dette har bidrege til auka merksemd om både rettslege vurderingar og kvaliteten på dokumentasjonen.

Sikkerheitscelle og observasjonscelle

Reduksjon i bruk av sikkerheitscelle

Evje ungdomseining har arbeidd målretta for å redusere bruken av sikkerheitscelle, observasjonscelle, utelukking og andre tvangstiltak overfor mindreårige.

I desember 2025 etablerte ungdomseininga ei lokal arbeidsgruppe som gjennomførte ein grundig gjennomgang av alle vedtak, hendingar og tiltak knytte til bruk av sikkerheitscelle sidan oppstarten av einiga i april 2025. På bakgrunn av denne evalueringa vart det sett i verk ei rekkje konkrete forbetringstiltak.

Arbeidet har gjeve tydelege resultat. I 2026 har det berre vore eitt tilfelle av bruk av sikkerheitscelle, med ei varigheit på fire timar. Samstundes har ungdomseininga registrert ein reduksjon i både talet på utelukkingsvedtak og bruken av tvangsmiddel.

Som del av forbetringsarbeidet er det utvikla nye vedtaksmalar for både sikkerheitscelle og tvangsmiddel. Desse er utarbeidde for å sikre at alle lovpålagde vilkår blir vurderte og grunngjevne før vedtak blir fatta. Ungdomseininga har samstundes styrkt kompetansen til dei tilsette og lagt endå større vekt på førebyggjande og mindre inngripande tiltak før bruk av tvang blir vurdert.

Gjennomførte forbetringstiltak
Arbeidsgruppa identifiserte fleire område der førebyggjande arbeid kunne styrkjast. Følgjande tiltak er gjennomførte eller sette i verk:

- innført styrkte innkomstrutinar for å sikre god kartlegging av ungdommen sin bakgrunn, erfaringar og individuelle behov
- etablert rutinar for å innhente informasjon frå tidlegare einingar gjennom overlappingsdokument og førebuande møte ved overføringar
- oppdatert rutine for bruk av tolk og styrkt kartlegging av språkbehov ved innkomst
- auka bruk av fleirspråklege medarbeidarar i miljøarbeid og samtalar når dette er formålstenleg
- arbeidd vidare med løysingar for digital tolketeneste som supplement ved behov
- utdanna eigne instruktørar i konfliktdempande kommunikasjon (KDK), med mål om opplæring av alle tilsette
- etablert eige øvingsområde ved einiga for trening i konflikthandtering, fysisk maktanvendelse (FM) og førebyggjande arbeid
- oppdatert rettleiaren for oppfølging av tilsette etter belastande hendingar
- lagt til rette for meir rettleiing mellom tverretatleg team (TET) og basispersonell gjennom ny turnus
- styrkt fokus på miljøarbeid som førebyggjande verkemiddel i overlappingsmøte
- gjennomført opplæring i regelverk og møte med ungdom i krise
- innført systematisk evaluering av bruk av sikkerheitscelle og andre tvangsmiddel etter kvar hending
- gjennomført samtalar med ungdommen i etterkant av hendingar for å identifisere alternative løysingar
- styrkt opplæringa om skadeverknader ved bruk av sikkerheitscelle overfor mindreårige
- etablert ordningar der operative førstebetjentar får støtte ved utarbeiding av vedtak når det er behov

Evje ungdomseining vurderer at desse tiltaka samla har styrkt kvaliteten på det førebyggjande arbeidet og bidrege til den markerte reduksjonen i bruk av tvang.

Tilbakemelding om observasjonscelle
I 2025 vart observasjonscella nytta i eitt tilfelle. I denne saka vart det også fatta vedtak om utelukking.

Som hovudregel blir det fatta vedtak når observasjonscella blir nytta. Vurderingane som ligg til grunn, tek utgangspunkt i dei same rettslege vilkåra som ved utelukking. Erfaringane ved Evje ungdomseining er at observasjonscella i enkelte situasjonar kan vere betre eigna enn ei ordinær utelukkingscelle, særleg når ungdommen har forhøgd risiko for sjølvskading eller sjølvmord. Cella gir høve til kontinuerleg observasjon, noko fleire ungdommar sjølve har gitt uttrykk for at dei opplever som tryggleiksskapande. Samstundes gjev rommet betre moglegheiter for miljøterapeutisk oppfølging enn ei ordinær utelukkingscelle. Mellom anna kan tilsette ta inn møblement og gjennomføre samtalar, måltid eller enkle aktivitetar saman med ungdommen når situasjonen tillet det.

Når det gjeld saka der ein ungdom oppheldt seg fem døgn og fire timar på sikkerheitscelle, kan Evje ungdomseining stadfeste at det vart ført tilsynslogg under heile opphaldet. Loggen blir oversend Tilsynsrådet saman med denne tilbakemeldinga.

Kroppsvisitasjonar, romkontroll og rusprøver

Rutinar for rusprøver

Tilsynsrådet ønskjer tilbakemelding på kva metodar og rutinar Evje ungdomseining har for rusprøver, og om rusprøver blir nytta rutinemessig.

Evje ungdomseining har utarbeidd eigne rutinar for gjennomføring av ruskontroll i samsvar med gjeldande regelverk. Som hovudregel blir spyttprøve nytta ved kontroll av mogleg rusmiddelbruk. Spyttprøve kan gjennomførast som stikkprøve eller ved konkret mistanke om rus, og blir vurdert som den minst inngripande kontrollforma.

Urinprøve blir berre nytta unntaksvis. Val av urinprøve skal grunngjevast skriftleg, og det skal dokumenterast kvifor spyttprøve ikkje er tilstrekkeleg i den konkrete situasjonen. Beslutning om prøveform blir fatta av operativ førstebetjent eller avdelingsinspektør i samsvar med gjeldande rutinar.

Evje ungdomseining nyttar ikkje rusprøver rutinemessig ved innkomst, besøk eller utgang. Behovet for ruskontroll blir vurdert individuelt i kvart enkelt tilfelle av operativ førstebetjent og/eller avdelingsinspektør, basert på ei konkret vurdering av den enkelte mindreårige, historikk og anna relevant informasjon.

Kartlegging og innkomstsamtalar

Innkomstskjema

Tilsynsrådet anbefaler at ungdommane i større grad blir oppmoda til å medverke ved utfylling av innkomstskjema.

Evje ungdomseining er samd i anbefalinga og vil halde fram arbeidet med å leggje til rette for aktiv medverknad i innkomstsamtalane. Målet er at opplysningane som blir innhenta ved innkomst, i størst mogleg grad skal bidra til ei individuelt tilpassa oppfølging gjennom soningsforløpet.

Helsetenesta i fengselet

Tilgang til helseopplysningar og medisinutdeling

Evje ungdomseining opplever sjeldan at det ikkje blir gjeve tilgang til nødvendige helseopplysningar om dei innsette. Eininga har eit godt og etablert samarbeid med både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, noko som legg til rette for forsvarleg informasjonsutveksling innanfor gjeldande reglar om teieplikt og samtykke.

Når det gjeld medisinutdeling, skjer denne etter fastsette rutinar og i tett samarbeid med helseavdelinga. Berre tilsette som har gjennomført godkjent opplæring i legemiddelhandtering og lokal praksisopplæring, kan dele ut legemiddel. Helseavdelinga klargjer og doserer medisinane, medan utdelinga blir gjennomført av kvalifisert avdelingspersonell til faste tidspunkt og som hovudregel på ungdommen si celle. Medisininntaket skjer under oppsyn, og all utdeling blir dokumentert i samsvar med gjeldande rutinar. Eventuelle legemiddel blir handterte etter individuell vurdering og i tråd med instruks frå helsepersonell.

Besøk og videobesøk

Besøksordninga

Evje ungdomseining tek Tilsynsrådet si anbefaling om å motivere ungdommane til å nytte besøksmoglegheitene ved einina til etterretning. Einina vil halde fram med å leggje til rette for besøk og gjennom samtalar motivere ungdommane til å oppretthalde kontakt med familie og andre viktige personar i nettverket, der dette er til det beste for den enkelte.

Når det gjeld innsyn i besøksromma, er Tilsynsrådet si anbefaling vidareformidla til driftsansvarleg ved fengselet med førespurnad om å vurdere moglege løysingar for betre skjerming av besøksromma. Evje ungdomseining vil følgje opp saka vidare i samarbeid med driftsavdelinga.

Overføring mellom ungdomseiningar og overføring til vaksenfengsel

Overføringar

Evje ungdomseining er samd i Tilsynsrådet si anbefaling om å avgrense overføringar mellom ungdomseiningane samt unngå overføringar til vaksenfengsel for innsette under 18 år.

På kort tid har dei tre nasjonale ungdomseiningane (Evje, Bjørgvin og Eidsvoll) etablert eit tett samarbeid, med faste digitale møte kvar veke samt fysiske fagsamlingar fleire gonger i året. Eit sentralt tema i dette samarbeidsforumet har vore å redusere talet på overføringar mellom ungdomseiningane og sikre ein mest mogleg føreseieleg soningssituasjon for den enkelte ungdom.

Som hovudregel skal ungdommen gjennomføre soninga ved den ungdomseininga der vedkomande først blir innsett. Overføring mellom ungdomseiningane skal som hovudregel berre bli vurdert når det ligg føre særlege omsyn, til dømes behov for nærleik til familie eller gjentekne oppmøte i retten over lengre tid.

Etter at etableringa av Evje ungdomseining kom på plass, har ein ikkje erfart at mindreårige er overførte til vaksenfengsel, med unntak av mellombelse låneplassar i samband med hovudforhandlingar i retten. Vidare er det etablert ei eiga avdeling med beredskapsplassar for mindreårige ved Eidsberg fengsel. Dette har styrkt den nasjonale kapasiteten og redusert behovet for overføring av mindreårige til vaksenfengsel ved kapasitetsutfordringar.

Tilbakeføringsarbeid

Samarbeid med eksterne tenester, alternative soningsformer og overgangar
Tilsynsrådet anbefaler at Evje ungdomseining sikrar møte mellom ungdommane og samarbeidspartnarar utanfor kriminalomsorga, utnyttar alternative soningsformer og legg til rette for gode overgangar ved overføring til anna eining eller fengsel.

Evje ungdomseining har faste vekentlege møte i det tverretatlege teamet (TET), der representantar frå kriminalomsorga, skulen, helsetenesta og barnevernstenesta ved Bufetat deltek. I møta blir ungdommane si utvikling, behov og vidare oppfølging drøfta. Ved behov blir det teke kontakt med andre samarbeidspartnarar utanfor fengselet. Målet er å sikre god informasjonsflyt, samordna oppfølging og gode overgangar, slik at det ikkje oppstår brot i oppfølginga mellom fengsel og lauslating. Det er gledeleg for Evje at desse eksterne tenestene har vore på plass sidan oppstart, og dei møter 3-5 dagar i veka fysisk på Evje.

Alle mindreårige i varetekt blir vurderte for overføring til varetekt med fotlenke (VTEK) innan fem dagar etter innsetjing. For ungdommar som gjennomfører dom, blir moglegheita for overføring til lågare tryggingsnivå eller elektronisk kontroll (EK) vurdert jamleg gjennom soningsforløpet. Slike vurderingar blir mellom anna gjorde i dei faste TET-møta.

Ved overføring frå ungdomseining til anna fengsel blir det lagt stor vekt på å sikre ein god overgang. Ungdommen får tilbod om førebuande digitale møte og, der det er praktisk mogleg, fysiske besøk ved mottakande fengsel. Desse blir fortrinnsvis gjennomførte saman med tilsette frå kontaktbetjentteamet. Formålet er å gjere overgangen mest mogleg føreseieleg og trygg, samstundes som kontinuiteten i oppfølginga blir teken vare på.

Avslutningsvis
Evje ungdomseining har nytta rapporten frå Tilsynsrådet som eit viktig bidrag i det systematiske kvalitets- og utviklingsarbeidet ved einina. Fleire av anbefalingane er allereie følgde opp gjennom endra rutinar, kompetanseheving, utvikling av nye vedtaksmalar og organisatoriske tiltak. På andre område er det sett i verk prosessar som vil bli vidareførte i den vidare utviklinga av ungdomseininga.

Sjølv om einina framleis er i ein utviklingsfase, er målet å tilby eit soningsinnhald som ivaretek dei mindreårige sine rettar, tryggleik og utviklingsmoglegheiter, og som er i tråd med gjeldande regelverk og faglege anbefalingar. Barns-beste-vurderingar vert gjort kvar einaste dag, og me vil avslutningsvis bekrefte at me er veldig klar over at barn i fengsel er ei svært sårbar gruppe, som kjem til oss i ein krevjande periode av livet sitt.

Med helsing

Ragnhild Nomeland
avdelingsleiar